

**På grunn av meldingar om lyn og torever i morgontimane må diverre Oslo Ess-konserten på Storhaug i dag avlysast, melder Bjørn Ove Tveit.
Han skriv dette:**

'I natt har vi vore i tett kontakt med hyggelege mennesker i Meteorologisk Institutt og dei har lært oss mykje om vertilhøve i det høgare luftlaga.

Spenninga i lufta gjer at helikopter får vanskar med å fyke, og det er i tillegg stor risiko med å montera så mykje elektronisk utstyr som ein konsert krev.

Vi er usikre på om denne spenninga i lufta skuldast den elektriske stemninga på Festidalen-jordet i går kveld, men det kan ikkje avvisast

Samstundes vil vi oppmoda publikum om å ta turen til Festidagen sitt rikhaldige program på Sandakaien klokka 12.

Morgonfuglane rekk først frukost på Systrene Nilsen klokka 10'